

EVALUERING, JOU 102 – våren 2018

Våren 2018 gjekk det aller første 30 poengs-kurset i det nye bachelorprogrammet i journalistikk: *Journalistikkens metodar og verktøy*.

Kurset var stort, både i den eine og den andre tydinga. Det skulle innehalda svært mykje. Ein overordna lærdom er at det er muleg å byggja ein større intern einskap i emnet ved neste korsveg.

Når det er sagt; i skrivande stund er kurset nettopp ferdig vurdert:

- 21 av 21 studentar gjekk opp til eksamen og gjennomførte kurset
- 11 av 21 – over halvparten – oppnådde karakteren A eller B.
- 5 av 21 studentar oppnådde karakteren A.

**

Kristine Holmelid, Per Christian Magnus og Lars Arve Røssland delte den praktiske gjennomføringa av kurset.

Konkret blei kurset evaluert gjennom ein munnleg seanse i økta 15. mai. Då blei det også utdelt eit skjema som studentane fylte ut. Begge desse typane innspel ligg til grunn for denne evalueringa.

Kurset var delt inn i fire modular.

I den første modulen var fokuset teoretisk og praktisk fundament for nyhendejournalistikk, ei førebuing i nær forstand til modul 2: intensiv nyhendeproduksjon for bymag i fire veker, med produksjon av åtte saker i løpet av perioden. I modul 3 var det etiske og metodiske innsikter og verktøy som var tema. Dette blei i overkant intensivt, noko som til dels hadde å gjera med kalenderen og plassering av påsken denne våren, men også med prioritering elles. Éin muleghet er å plassera metodiske verktøy i modul 1 i større grad, dei skal jo vera verktøy som også kan brukast i den interne praksisen, og å gjera modul 3 til ein reinare etikk- (og jus?) modul. Modul 3 inneheldt også eit fotokurs med Melanie Burford, eit kurs som kan henda hadde litt uklar plassering, men som studentane var svært nøgde med. I modul 4 skulle temaet vera digitaletikk og teknologiforståing. Her blei det plassert inn praktiske workshopar i snapchat og podcast, men også eit samarbeid med Nye medier sitt kurs i VR-journalistikk. Det siste må det gjerast meir av. Her må det likevel førebuast betre.

Kurset blei avslutta med ein heimeeksamen. Det er meldt inn endring av vurderingsform til neste gjennomføring, til mappevurdering. Studentane hadde ei rad med obligatoriske innleveringar, som det er muleg å leggja til grunn for ei mappe.

Dette vil truleg vera eit viktig bidrag til arbeidet med å byggja ein større einskap i studiet. Studentane applauderte dette endringsforslaget under den munnlege evalueringa.

Ein generell lærdom, også i form av innspel frå studentane, er at studentane kan vera betre førebudd til kvar undervisningsøkt: Det bør i større grad leggest opp i planen korleis studentane best kan førebu seg, enten det gjeld å lesa litteratur, setja seg inn i medieprodukt eller andre ting.

Frå dei skriftlege studentevalueringane går det fram at:

- Internpraksisen godt kan vera lenger enn fire veker.
- Etikk-delen kan godt vera meir omfattande.
- Undervisarane utfyller kvarandre på ein god måte ☺
- Eit problem at ein skal innom for mykje; blir ein del det blir småbesøk til og så må ein sleppa det like før det blir interessant. Då er det betre å gå meir i djupna på færre ting.
- Dei var svært nøgde med fotojournalistikk-kurset til Melanie.
- Studentane ser på seg sjølve som «elevlar». Det vil seia at dei går på «skule» og har «skuletid». Dei ber såleis om at det blir detalj-klargjort kor mykje arbeidstid som blir forventa av dei for kvar einaste veke.
- Studentane er også praktiske i si tilnærming: dei er gladast i det som har med det praktiske å gjera, med handverket i ulike forstandar. Dei vil ha meir av dette, og «det andre» må opplevast relevant for det praktiske handverkfokuset.
- Mange av studentane melder om misnøye med praktiseringa av «obligatorisk undervisning» og fråvær. Dette er alt arbeid i gang for å gjera dette tydelegare.

Rapporten blir avslutta med eit par sitat som kan synast tilfeldig utvale, men som faktisk er etter måten representative:

Jeg synes i hovedsak at det er nyhetsjournalistikk og presseetikk jeg først og fremst sitter igjen med etter kurset. Fellesnevneren her er at vi har gått i dybden. I de andre temaene føler jeg læringen har blitt litt for overfladisk, selv om det har vært mye nyttig. Spesielt i foto lærte jeg mye på kort tid.

Alt i alt vil jeg si at jeg har lært masse og [det] har vært et veldig bra semester.

Lars Arve (emneansvarleg våren 2019)
13-6- 2018